
Ikkje rør
sjukelønna vår!
sv.no/bli-medlem


Ikkje rør
sjukelønna vår!
sv.no/bli-medlem

# Ikkje rør sjukelønna vår!

**I år er det 50 år sidan FN sitt kvinneår. Sjølv om vi har komme langt, er det framleis mange kampar vi må kjempe.**

Sjukelønnsordninga er ein av dei viktigaste berebjelkane i den norske velferdsstaten. Den sikrar at folk kan vere heime når dei er sjuke, utan å risikere økonomisk uvisse. Ei universell sjukelønnsordning gir tryggleik for arbeidstakarar, bidreg til mindre smitte på arbeidsplassar og sørgjer for at folk kan komme tilbake i jobb utan ekstra bekymringar.

Likevel ser vi no at ordninga blir utfordra. Forslaga på å redusere sjukelønna eller innføre karensdagar, vil særleg gå utover lågtlønte og mellombels tilsette, som allereie har usikre arbeidsforhold. Spesielt vil eit kutt i sjukelønna ramme kvinner. Kvinnedominerte yrke er ofte jobbar som krev fysisk nærvær. I helsesektoren, der over 80 prosent av dei tilsette er kvinner, er pasientane avhengige av at folk kjem på jobb, og at ikkje folk blir tvinga til å gå på jobb trass i at dei er sjuke.

Sjukelønn er ikkje ei gåve, men ein rett vi har krav på. Vi i SV vil kjempe for å bevare denne ordninga, fordi ho sikrar tryggleik for alle – uavhengig av inntekt og stilling.

For ingen blir friske av å vere fattige, og ingen kjem tidlegare tilbake på jobb av å ikkje få betalt rekningane sine. Vi håpar dei partia som no raslar med sablane over sjukelønna også snart innser dette.

**Sosialistisk Venstreparti**
Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

**Meld deg inn i SV her:**

# Ikkje rør sjukelønna vår!

**I år er det 50 år sidan FN sitt kvinneår. Sjølv om vi har komme langt, er det framleis mange kampar vi må kjempe.**

Sjukelønnsordninga er ein av dei viktigaste berebjelkane i den norske velferdsstaten. Den sikrar at folk kan vere heime når dei er sjuke, utan å risikere økonomisk uvisse. Ei universell sjukelønnsordning gir tryggleik for arbeidstakarar, bidreg til mindre smitte på arbeidsplassar og sørgjer for at folk kan komme tilbake i jobb utan ekstra bekymringar.

Likevel ser vi no at ordninga blir utfordra. Forslaga på å redusere sjukelønna eller innføre karensdagar, vil særleg gå utover lågtlønte og mellombels tilsette, som allereie har usikre arbeidsforhold. Spesielt vil eit kutt i sjukelønna ramme kvinner. Kvinnedominerte yrke er ofte jobbar som krev fysisk nærvær. I helsesektoren, der over 80 prosent av dei tilsette er kvinner, er pasientane avhengige av at folk kjem på jobb, og at ikkje folk blir tvinga til å gå på jobb trass i at dei er sjuke.

Sjukelønn er ikkje ei gåve, men ein rett vi har krav på. Vi i SV vil kjempe for å bevare denne ordninga, fordi ho sikrar tryggleik for alle – uavhengig av inntekt og stilling.

For ingen blir friske av å vere fattige, og ingen kjem tidlegare tilbake på jobb av å ikkje få betalt rekningane sine. Vi håpar dei partia som no raslar med sablane over sjukelønna også snart innser dette.

**Sosialistisk Venstreparti**
Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

**Meld deg inn i SV her:**